

## **Rep.sak nr 09-19. Utvida samarbeid evnt. samanslåing med andre selskap.**

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapet ser at det går føre seg fleire strukturendringar rundt oss og at større selskap jamt over driv meir kostnadseffektivt som følgje av fleire stordriftsfordelar enn mindre selskap.
2. Representantskapet vil likevel peike på at VØR til no har greidd seg bra i høve gebyr og tilbod og synes også å gjere dei komande år. I eit litt lengre perspektiv vil dette verte utfordra. Representantskapet ser det slik at eigarane no bør gjere ei vurdering om korleis ein kan gi innbyggjarane dei beste tilboda i framtida.
3. Representantskapet rår kommunane til å sette ned eit utval med representantar frå begge kommunane og frå VØR, som får i oppgåve å greie ut dei ulike alternativ. Å gå mot nord ilag med Årim, mot vest til SSR, mot sør som er NOMIL eller å fortsette åleine. Frist for å levere innstilling desember 2020.

Handsaming i styret:

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

*Merknader som har kome inn etter styrehandsaminga:*

Det har det kome inn kommentarar frå naboselskap, som meiner at gebyroversynet kan mistolkast. Eg har derfor lagt inn nokre presiseringar under punktet om: «Gebyr ifølge heimesider».

Vidare saksgang. Under føresetnad av at representantskapet gjer vedtak i tråd med tilrådinga, vert saka sendt kommunane for vidare handsaming.

*Saksutgreiing – bakgrunn for saka.*

Onsdag 17 juli frå kl 09.30 – 13.30 hadde dei daglege leiarane Einar Heimdal og Petter Bjørdal etter initiativ frå Heimdal i SSR, samtalar om utfordringar til dei to selskapa SSR og VØR i åra som kjem.

Saka var oppe i styret i SSR den 29.08.19, og vedtaket derifrå er ei tilrådinga som vektlegg utvikling av lokalt samarbeid med mål om ei gradvis samansmelting av dei to selskapa ein gang i framtida.

VØR sin sak er ulik styrevedtaket i SSR, då den rår eigarane til å avklare framtida for å få ro om framtidig utvikling og korleis selskapet skal utvikle seg.

*Situasjonen rundt omkring.*

I Møre og Romsdal er der fem interkommunale selskap, der Nordmøre Interkommunale renovasjonsselskap (NIR), dvs alle Nordmørskommunane med ca. 60.000 innbyggjarar slår seg saman frå komande nyttår med Hamos (Frøya, Hitra, Hemne, Agdenes, Meldal, Rennebu, Orkdal, Snillfjord, Skaun, Rindal og Surnadal) og Envina (Melhus og Midtre Gauldal) i Sør Trøndelag til ReMidt IKS, eit selskap for ca. 130.000 innbyggjarar.

Alle Romsdal-kommunane er no med i Romsdalhalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR) som har ansvaret for ca. 59.000 innbyggjarar. Rauma kom med sommaren 2019.

På Sunnmøre har ein tre selskap med Ålesundsregionen Interkommunale Miljøselskap (ÅRIM) på Nordre Sunnmøre som størst med 105.000 innbyggjarar.

Søre Sunnmøre Reinhaldsselskap (SSR) organisera renovasjon for Hareid, Ulstein, Herøy og Sande og

er lokalisert i Ulsteinvik med ansvaret for ca. 25.000 innbyggjarar.

VØR i Volda og Ørsta har ansvaret frå nyttår for ca. 21.500 innbyggjarar.

Vanylven står aleine.

Sidan vi tar med deler av Trøndelag, har eg med gebyroversyn til det andre selskapet i midtre Trøndelag, Innherred Renovasjon ( IR). IR inkludera 10 kommunar frå Selbu og Tydal i sør til og med Verdal i nord. Har 88.026 innbyggjarar. Og vi tar med Trondheim by med knapt 200' innbyggjarar som står aleine.

#### *Kva tilbyr dei enkelte selskap ?*

Utviklinga over tid syner at tilboda vert likare og likare. Det er mindre og mindre som skil dei enkelte selskap i sine tilbod til innbyggjarane. Drivkrafta bak dette er stortinget sine krav om materialgjenvinning på minst 50 % innan 2020 og 60 % innan 2030. Skal ein nå dette, må henteordningar som stimulera til mest mogleg kjeldesortering, innførast. Det har VØR gjort, men ikkje alle er i gang med å nå disse måla av ulike grunnar. Dei selskapa eller kommunar har gjerne lågare gebyr, som til dømes Vanylven som fortsatt har innsamlingssystem likt med det VØR hadde i 2015. Restavfall og papp/ papir/plast. Og Trondheim by har det same.

Majoriteten av kommunar med full kjeldesortering har innsamlingsfrekvens slik som VØR. Nokre som Årim og RIR med restavfall henting annakvar veke. Dei med oftare henting av restavfall, har jamt over dårligare materialgjenvinningsresultat, sjølv om ikkje biletet er svart kvitt her heller. RIR har t.d høg materialgjenvinningsgrad, noko som sikkert skuldast god jobbing med informasjon og at dei har hatt matavfallinnsamling heilt sidan tusenårskiftet.

Dei fleste selskap har etter kvart velutvikla Miljøstasjonar. Det som varierar ein del er om ein har betalingsordningar på Miljøstasjon og innretninga på opningstider. For å få eit betre samanlikningsgrunnlag med og utan fri leveringskvote, kan ein rekne med ein kostnad med fri leveringsordning Miljøstasjon til kr 300,- pr. abonnement pluss mva.

#### *Kva er høveleg storleik på eit selskap?*

Slik eg ser det, er grunnen til at mange selskap endar i storleik 90-150.000 innbyggjarar, at det nivået gir største stordriftsfordelane og såleis rimelegaste gebyr for abonnentane. Oversiktlege organisasjoner og ikkje med dyre vanar.

Blir det for stort er det lett å få stordriftsulemper med fleire leiarnivå og anna effektivitetstap.

Men det er sjølv sagt ikkje storleik aleine som er avgjerande, i ei slik sak.

#### *Gebyrnivå ifølge heimesidene:*

Selskap	Renovasjon	Slam	Fritidshus	
IR	2763,24	1328,-	1068,-	Inkl. mat og glas / metallumballasje. Intil 500 kg sortert avfall leverast gratis i abonnementet.
HAMOS	2750,-	1100,-	1000,-	Inkl. fri levering grovavfall. Men samlar ikkje inn matavfall eller glas/metallemb. Hos innb.

ÅRIM	2876,-	1060	1400,-	Inkl. fri kvote 600 kg grovavfall pr. ab. Kommunane fakturerar abb. Eksempelet er frå Sula kommune som har matinnsamling. Tilbod med tal fraksjonar som er innsamla hos husstandane er likt med VØR
RIR	3206,-	1534,-	912,-	Inndeling i grunngebyr, og pr. behaldar. Betaling på M.stasjon. Kommunane står for fakturering og inndriving. Prisen oppgitt er Molde Kommune sitt gebyr. Samlar inn mat, rest, papir, plast og glas hos innb. Som hos VØR. Restavfall annakvar veke.
NOMIL	3098,40	1214,5	930,-	Betaling m.stasjon. Fakturera abb. Sjølve. Likt innsamlingstilbod heime, med VØR.
VØR	2513,6	1184,-	1131,20	Betaling m.stasjon. Fakturerar sjølv. Hentar fem fraksjonar som hos Årim, RIR og NOMIL
SSR	3268,8		1014,-	Betaling m.stasjon. Fakturerar sjølv. Hentar Mat, rest, papp/papir, plast heime.

*Oppsummert gebyr.*

Innherred renovasjon(IR) har tilbod relativt likt med VØR og IR er billigast på gebyr. Oversikta over syner at Hamos, har det nest lågaste gebyret når ein justerer for fri mengde grovavfall, men HAMOS har også ikkje innsamling av matavfall eller glas og metallemballasje. ( hos enkelte av kommunane)

Årim er relativt likt med VØR.

Tar ein med Trondheim by med sine 196.939 innbyggjarar, er prisen der kr 2284,80 med betalingsordning for restavfall på Miljøstasjon. Dei har heller ikkje separat innsamling av matavfall eller glas/ metallemballasje. Nedgrave anlegg har gebyr på kr 1476,80 pr. bustadeining. Det er så lågt, at eg oppfattar det som politisk prioritert som del av byutvikling, og ikkje ei reflektering av kostnadsnivå.

Skalafordelen er likevel openbar for dei «store» med 90.000 innbyggjarar og meir. Og då har vi eit godt samanlikningsgrunnlag frå Steinkjer i Nord til Sunnfjord i sør.

*Ei politisk sak.*

Slik eg ser det er dette først og fremst ei politisk sak som høyrer heime hos eigarane. I denne saka finst ikkje fasit slik eg ser det.

Det eine momentet som er politisk er i kor stor grad ein skal vektlegge lokal styring som faktisk har ein verdi. Det andre er korleis og kva retning regionen skal utvikle seg. Det tredje er korleis ein ynskjer å sikre nok og god kompetanse i framtida. Og for det fjerde korleis gi ei kvalitativ teneste til ein lågast mogleg pris.

*Fleire vil ha oss med ?*

Invitasjon frå SSR er heller ikkje einaste invitasjonen vi har fått om å gå inn i ein større fellesskap. Og fleire kan vere interessert om ein undersøkjer.

Det kan løne seg å gi seg tid å sondere terrenget, og det er ei rolle som eigarane må ta. Vi rår på den bakgrunn til ei fellesnemnd av eigarar og representantar frå VØR, der VØR sine representantar står for sekretærfunksjon og faktagrunnlag.

#### *Andre aktuelle selskap - Nomil*

Nomil er plassert sør og aust for oss. På møte i april 2018 i Hornindal, der styreleiar og dagleg leiar møtte, kom eit utspel frå Kirsten Hundeide som er styreleiar i NOMIL, om samanslåing. Det vart ikkje gått vidare med det, utover at styret fekk seg referert kva som var framlagt.

NOMIL har seinare utvida seg med Florø kommune som vert med frå komande nyttår. Utifrå mine opplysningar har dei akkurat no før det er på plass meir enn nok å gjere med den samanslåinga. Men eg er overtydd om at invitasjonen står ved lag, dersom våre eigarar ynskjer å knytte seg sterkare saman med Nordfjordregionen.

NOMIL organiserar renovasjon for kommunane Stryn, Gloppen, Stad (Eid/ Selje,) Bremanger og Kinn (Vågsøy og Florø) Ca 43-44.000 innbyggjarar frå komande nyttår. Nomil har ein annaleis geografi med meir desentralisert bumønster, som gir dei meir køyring i sin innsamling enn hos oss og dei har fleire mini miljøstasjonar som vert drifta med avgrensa opningstid. Ikkje som hos VØR, med ein stor stasjon. Gebyret til Nomil er i 2019 på kr 3098,-

#### *Vanylven*

Vanylven ligg sørvest for oss og har ikkje matinnsamling, glas og metall innsamling eller raudboks for farleg avfall. På den andre sida har dei fri levering av 3 m<sup>3</sup>. grovavfall på ein fin Miljøstasjon på Lilleeidet.

Vanylven leverar ei svært billeg og god teneste til sine innbyggjarar når ein tar omsyn til geografi, men har ein veg å gå for å nå nasjonale mål for materialgjenvinning.

Gebyr 2019 på kr 2565,- som er 140 L restavfall pluss 240 l for papp, papir og plastavfall.

#### *SSR*

I vest ligg SSR med ca 25000 innbyggjarar og har moderne anlegg. Lik ordning med oss på innsamling, med unntak av raud boks, og har fire miljøstasjonar. Har opne miljøstasjonen frå 11 – 18 måndag til torsdag og stenger fredag kl. 15.00.

Gebyr i 2019 på kr 3268,80

#### *Årim*

I nord er ÅRIM, som organiserar renovasjon på Nordre Sunnmøre inklusiv Sykkylven og Stranda. Ca. 105.000 innbyggjarar. ÅRIM og VØR har i dag relativt like gebyr, med litt ulike tilbod. Vi er billigast på gebyr men Årim har fri levering grovavfall intil 600 kg. Alle kommunane med unntak av Ålesund har matinnsamling (start i 2023) og glas og metall innsamling. ÅRIM sin organisasjon er samansett med brei kompetanse. På eigarsida har dei ein stor og fleire mindre kommunar. Stemmereglar kan regulerast i selskapsavtalen, og bør vere tema i evnt. samanslåingsdrøftingar. Ein god avtale kan regulere det meste. T.d. går samarbeidet i Mørenett relativt greitt slik eg har forstått det. Der og er det søre og nordre som samarbeida.

Gebyret i 2019 er kr 2876,- hos Sula kommune som vi har brukt som eksempel. Gebyret kan variere, då kommunane som fakturerer har ulikt påslag.

## **Utfordringar framover for VØR. Statleg og kommunale rammevilkår**

Vi opplever at regelverket som styrer oss, stadig vert utvida og meir omfattande.

Kontroll og tilsyn frå både stat og kommune har fått ei heilt anna rolle på få år, og meir og meir av arbeidstida i organisasjonane går til risikostyring og rutineoppfølging i høve ulikt regelverk. Både SSR og VØR er i dag under forvaltningsrevisjon bestilt av kommunane. Vidare har Fylkesmannen varslet nytt tilsyn hos oss. Mindre enn to år sidan siste tilsynsrunde. Til våren er det også varslet tilsyn frå DBE på grunn av mange brannar i avfallsbransjen.

I det store biletet er dette ikkje negativt, då det inneber professionalisering av organisasjonen i alle ledd. Men det er ressurskrevjande og utfordrar dermed gebyrnivå.

KS sin vgleiar for eigarstyring av 2014, Miljødirektoratet sin vgleiar for berekning av kommunale avfallsgebyr av 2014, og Kommunal og Regional departementet sin vgleiar om berekning av sjølvkost av 2014, er eksempel på relativt nytt endra regelverk. Noko av dette regelverket er gamalt, og noko av det er nytt som må implementerast. Dette regelverket er det kommunane som fører tilsyn med.

Avfallsforskrifta sist endra i 2018, har utvida talet på fraksjonar på kva som reknast som farleg avfall (FA), i tillegg til at vi har fått avgrensingar på kor mykje FA vi kan ta imot frå hushaldningane. Kravet om maks 1000 kg FA pr abonnent pluss 500 kg pcb vindu er der og må dokumenterast. Dvs. at alt må kartleggjast for at grensene ikkje skal verte overskridne. Impregnert treverk og asbest materiale er to eksemplar. For tida går det og ein diskusjon om betong og skal klassifisert som FA på grunn av innhaldet av seksverdig krom. Det vil i så fall ytterligare krevje meir formalisering. FM fører tilsyn.

Stortinget vedtok nye mål om materialgjenvinning i mars 2018. Det er kommunane og dermed vi i dei interkommunale selskapa som må sette disse måla ut i livet, og rapportere måloppnåing. I praksis inneber dette meir fragmentering i form av fleire fraksjonar som avfallet skal sorterast i. Det igjen krev auka kostnader i form av meir investeringar i utstyr og meir spesialkompetanse.

### *Krav frå forsikringsbransjen og brann tilsyn.*

Brannar i avfallsbransjen siste åra med uheldig utfall har gitt eit heilt korrekt auka fokus frå forsikringsbransjen og frå fylkesmennene sine tilsynsavdelingar på korleis vi som selskap driftar anlegga i det daglege. Her er det også varslet tilsyn til våren.

### *Krav frå kundane*

Vi lever i eit samfunn der valfridom står sterkt. Det inneber at kundane vil ha tilgjenge til våre tenester når det passar dei. I praksis meir opningstider og dei vil ha låge gebyr. I Sverige er søndagsope for lengst innført, likså ope første og andre juledag.

Tenestetilbod er viktig og bransjen må utvide opningstidene i tråd med innbyggjarane sine krav. Men gebyr er også viktig. I den samanheng kjem vi ikkje bort frå å vurdere stordriftsfordelar.

### *Organisasjon og teknologiutvikling.*

Ved ei samanslåing med eit anna selskap, vil dei tilsette i innsamling og på Miljøstasjon / gjenbruksstasjon vere med vidare. Endringane i innsamling og på miljøstasjon vil vere meir bruk av IT i kvardagen. Dette kjem uansett vegval.

VØR er i dag i stor grad «all round kompetanseorganisasjon», medan samfunnet rundt ein krev meir og meir spesialisert kompetanse for å kunne gi innbyggjarane gode tilbod.

I administrasjon vert fleire og fleire rutineprega oppgåver løyste med hjelp av moderne IT. Regel og rutineprega arbeid vert automatisert. Det som blir att er utviklingsarbeid og avvikshandsaming.

Med tung satsing over fleire år på heimeside, facebook og «Min Renovasjon» appen, har vi langt på veg greidd å gjere oss 24/7 ( 24 timer 7 dagar pr. veke) ope for spørsmål og svar på det som kan automatiserast. Dvs. at dei som nyttar IT i all hovudsak slepp å ta kontakt med oss fysisk eller via telefon.

Den vegen med automatisering må vi gå vidare tilpassa våre lovkrav og vårt fag. Her må vi dessutan vere villige til å utfordre vår eigne kjerneoppgåver enda meir slik vi ser elles i samfunnet. Vi ser at bankane handsamar lånesøknader elektronisk, og i varehandelen er betalingsfrie kasser komne.

Rutineprega arbeid kan og må automatiserast, enten vi vil eller ikkje.

Utviklinga utfordra kompetansen i selskapa. Meir vert arbeid som krev Masterutdanning og mindre arbeid for dei som har to og treårig høgskuleutdanning. Og vi treng høgare kompetanse som vi ikkje har i form av IT, Finans og Juss. Vi vil oppleve krevjande omstilling i åra som kjem. Og den som arbeidar hos oss må kontinuerleg finne seg i å måtte tileigne seg ny kompetanse.

Utfordringa som vi likevel ikkje kjem utanom, er at små selskap berre kan tilby delvis arbeid som krev master. Tilsette hos oss må vere poteter som kan mykje om alt og vere fleksible ved å ta seg nye oppgåver. Men då ekskluderar du mange frå å sökje, som vil arbeide med det faget dei har utdanna seg til. Der fell vi imellom.

Vi får liten drahjelp av turn over. DL i VØR blir 63 i år. Dei øvrige adm. tilsette i VØR er frå 26 til 51 år.

#### *Kvar er vi svake ?*

Min vurdering ar at vi ikkje er flinke nok på ein del områder. Dette gjeld finans, vi manglar teknisk kompetanse til å svare våre abonnentar som t.d. i spørsmål om slam. Vi kjøper inn all innkjøpsfagleg kompetanse, og det meste av IT. Logistikk er eit anna viktig fagfelt i vår bransje der vi har bra med kompetanse, men kan verte betre.

Nedgravne og botntømde avfallsløysingar som innsamlingsmetode arbeidar vi «litt» med, og har ei fin utvikling. Årim til samanlikning har dedikerte ressursar på dette som ein del av smart by prosjektet sitt. Hos oss er det meir fragmentert.


På ingen av disse områda som er nemnde ovanfor kan vi forsvare eigne tilsette. Til det er oppgåvene for små i omfang. Eit større selskap har slik kompetane på heiltid. Å tilsette fleire i administrative stillingar i VØR, slår relativt sterkt ut på gebyret, så det ser eg på som uaktuelt.

#### *Andre viktige moment.*

Dersom det blir aktuelt med fusjon med nokon, må det gjevast garantiar for at dagens tilsette får oppmøtestad på sine kontor i Hovdebygda. Og ein slik type prosess må ikkje dragast unødig ut i tid. Evnt. nytt selskap bør verke frå seinast 2023.

#### *Vidare arbeid.*

Først av alt må vi ha ei avklaring om dette er noko som skal jobbast med. Dersom ja, bør det settast ned ei nemnd som etter undersøking av dei ulike alternativa, kjem med ei innstilling til kommunestyra. Så må kommunestyra som eigrar avgjere dette spørsmålet for nokre år framover.

  
Petter Bjørdal  
Dagleg leiar